



# Jubileumsposten

## Friluftsgudsteneste

Trimgruppa fortsett samarbeidet med soknerådet og vil også i år delta under friluftsgudstenesta på Haugligardane 2. påskedag.

Her vil det i tillegg til vanleg friluftsgudsteneste også bli natursti og akebakke for borna og ikkje minst vil det bli grilling. Dette har vist seg å vere populære tiltak og under eit par av desse friluftsgudstenestene har det også vore arrangert barnedåp. I fjor vart lille Edel Therese M. Karlsen døypt her.

Vi satsar som sagt på å lage natursti og akebakke for borna, men aktivitetane vil nok bli tilpassa litt etter ver og føreforholda denne dagen. Dette arrangementet er som du sikkert forstår avhengig av finvêr, så "reservearena" er Todalen kyrkje. Men vi satsar alle klutar på at det blir finvêr!

JonO.



Edel Therese saman med sokneprest Bernt Venås og gudmor/mormor Edel Mikkelsen i påska i fjor.

Februar 2008

Nummer 3

## Kjerringdilten

Langfredag er det tradisjonell "Kjerringdilt" på Skihytta.

Her skal det kjempast om vandrepokalen og blir det finvêr vil det nok bli mange besøkande på skihytta denne dagen. Vel sjølv om du gå frå Innerdalsmerket, Øyalia eller du går via Fauskhjellen.

**Starten på Kjerringdilten er kl 13.00, så du må finne fram termosene og pakke sekken kvelden før!**

## Villmarkshelg 4.-5. april

I april er det dukka for stor Villmarkshelg i Todalen oppvekstsenter. Både fredag og laurdag vil det bli eit rikholdig program med mykje natur og villmark. Da kjem nemleg naturfotografane Bjørn Brennbakken og Nils Olav Talgøy til Todalen for å underhalde oss, fortel Ragnar Halle som er primus motor for arrangementet. Bjørn Brennbakken kjem frå Dalholen i Folldal og er heiltids naturfotograf og skribent. Han er kjent frå blada Villmarksliv, Jakt og Alt om fiske. Han er også kjent for ulvefilmen "På sporet av Koppangflokket". I Todalen vil han vise villmarksbilete frå Østerdalen og Dovrefjell. Her blir det nok møte både med

storelg, villrein og rovdyr som ulv, gaupe og bjørn. Men vi får også sjå både blomster- og landskapsbilete.

Nils Olav Talgøy er vi betre kjent med. Han budde i Todalen i fleire år og har ei av landets flottaste samlingar av hjortebilete.

Han vil ta oss med på "Hjortejakt på Nordmøre", der vi får sjå mange fine jaktbilete. Denne kvelden vil også Tore Gjul frå Vilt-nemnda orientere om merkjeprosjektet for hjort som no er i gang.

Vidare på programmet står det utstilling av både bilete og utstyr denne helga. Nokre utstillarar er allerede klare:

- Bjørn Brennbakken
- Nils Olav Talgøy

- Kårvatn Fjellutstyr
- Jeger, Hund og Våpen
- Surnadal Jeger og Fisk
- Vilt-nemnda/merkeprosjektet

I løpet av helga blir det også lotteri med mange fine gevinstar, samt smaksprøver og salg av steinomnsbaka brød frå Steinarstua.

JonO.



Naturfotograf Bjørn Brennbakken



Nils Olav Talgøy bur i dag på Meisingset, og driv med treskjæring og naturfotografering. Her er han på Rennebumartnan i fjor, for å vise produkta sine.

## Øverbygd kallar...

Etter at Jubileumspost nr 2 var sendt ut, fikk vi straks bestilling av ein kalender frå ein utflytta todaling i Øverbygd i Målselv. Det var Leif Holsæter som sendte si bestilling.

Vi tok ein telefon til Øverbygd, og fikk ein hyggeleg prat med Leif. Etter ein lang karriere i Forsvaret er han no pensjonist, og har bygd seg hus der. Leif fortalte at han flytta frå Todalen før han var 20 år og har sidan budd både på Steinkjer og i Bergen før han "gikk til ro" i Øverbygd, med Holmen leir som arbeidsplass.

Han var ein habil sprinter i sin ungdom, og med 10.9 på 100-meteren var han innehavar av krinsrekorden for Troms i fleire år.

Leif hugsar godt at han var med på møkkkjøring frå sommarfjøsa i Hallanesset til Bordholmen i sin ungdom. Han var også aktiv i fotballen i Todalen, både på gutelaget og seinare på A-laget. Leif fylte nyleg 74 år, men er stadig aktiv i politikken. Han er no leidar for eldrerådet i Målselv kommune. Kanskje tek han turen til Todalen på slektsstemne i sommar, dersom det passar slik. *Jon O.*



Leif Holsæter i godstolen sin heime på Diviåsen i Øverbygd.

## Lederen



Litt skøy med formannen da han var innom og inspiserte dugnadsarbeidet på Borholmen. *Foto: JOØ*

# Jubileumsåret, så langt

Guro

### Jubileumsåret: fire flotte arrangement så langt!

Med en tjuvstart i jula 2007 er det allerede fire arrangement som er avvikla i jubileumsåret så langt. Og enda er det mye godt i vente!

### Romjuls mars med kostymer og quiz

Jubileumsåret starta friskt ut med Romjuls marsjen 3. Juledag. Trimgruppa i Todalen IL oppfordra i år bygdefolket til å kle seg ut for å markere 100 årsjubileumet. Det var også hengt ut poster med en egen quiz med spørsmål henta fra både Todalen og Idrettslaget. Diskusjonen rundt postene gikk livlig og det ble en fin luftetur for romjuls kroppene rundt bygda.

### Julselskap på stabburet

3.dag jul var det også klart for Julselskapet i Todalen Ungdomshus. Huset var fylt opp av feststemte gjester som fikk servert både mat og underholdning. Ramma i år var lagt til stabburet og ble ledet av kapellmester Jon Husby og toastmaster Rune Moe. Med seg på scenen hadde de flere flinke aktører som laga god underholdning. Etter programmet ble dansegulvet rydda og todalens danseløver fikk svingt seg.

### Nyttårsfest for voksne

Ca 80 personer fant vegen til Todalen Ungdomshus søndag 13. januar. Smakebiter frå 3.

dagsfestens underholding, orientering fra jubileumskomiteen, gode historier og dikt av Hans Kristiansen framført av Alf Ramsøy var m.a.o. deler av programmet. En annen 100-årsjubilant nemlig et Tordenskjold songlag, med sin gjestedirigent Bernt Bøe, sto for korsong. Stemninga var særdeles god, og Todalen Sanitetsforening sørget for servering av mat og kaffe.

### Sonerenn på Kårvatn

Litt kaldt med over minus 10 grader, men med nysnø og sol på toppene ble det et flott arrangement på Kårvatn for 50 deltagere under 10 år, 20 litt større og et par voksne. Alle fikk premie og diplom for vel gjennomført skirenn. Deltagerlistene og resultatene finner du på: [www.todalenil.net](http://www.todalenil.net)

Guro



Johan Kvendset har startet oppkjøringen til Wasaloppet.



Bildeglimt fra arrangementa. Alle bilder: Guro og Jon Olav

Flere bilder og mye annet stoff om det som skjer i Todalen finn du på våre nettsider:

[www.todalenil.net](http://www.todalenil.net)

### Dugnadsånd til tusen...

Man blir stolt av å være todaling når en ser sånt! Jeg er vant til at det er lett å få til ting på dugnad, men arbeidet med oppussinga av klubbhuset på Bordholmen og Ungdomshuset har langt overgått mine forventninger. Gjengen som har leda dugnadsarbeidet har flere ganger opplevd at de har fått

henvendelse om å få delta i dugnadsarbeidet, og de skryter uhemmet av innsatsen og humøret til dugnads gjengen.

Klubbhuset på Bordholmen har fått et skikkelig "facelift" og det er snart klart for å slutføre dette arbeidet, og i Ungdomshuset er det full fart med oppgraderingen av kjøkken og toaletter.

Jeg er imponert, rett og slett, sier Terje Talgø.

## Ekstrem oppussing - i full gang

**Oppussing av alle hus**  
Komiteen for utsmykking og utstillinger fant ut at før de kunne begynne arbeidet med dette måtte også husa pusses opp. Så langt har klubbhuset på Bordholmen fått et malingsstrøk i alle rom, nytt kjøkken er på veg opp og gulv er skifta ut. Nå står Ungdomshuset for tur. Arbeidet er utført på dugnad

der bygdefolket er satt opp på lister. Det har så langt bare vært blide og positive fjes å sjå på dugnad, og nå begynner arbeidet å gi resultat. Klubbhuset er snart ferdig, mens arbeidet i Ungdomshuset startes opp nå. Siden det er usikkerhet om utvidelser og ombygging i Ungdomshuset, blir det her

oppussing av det mer kosmetiske slaget. Det er også snakk om at Skihytta skal få seg et lite løft innendørs. Følg med på nettsiden **www.todalenil.net** der vi skal prøve å holde dere oppdatert på oppussinga underveis.

Guro



Hans Gundersen



Jon Olav Roaldset



Ingebrigt Ramøy



Anne Helene Halset

*Iherdig innsats frå stor dugnadsgjeng har sett spor etter seg i klubbhuset på Bordholmen.*

## Tid for å sjå etter lopper!

Det er kanskje litt tidleg enno, men tida går fort og snart er Todalsdagen komen. Sjefsløppa, Borghild Talgø, har alt starta planlegginga av årets loppemarknad og ho oppfordrar alle til å starte leitinga etter lopper allereie no.

**Innsamlinga vil skje i veka før Todalsdagen som er laurdag 5. juli.**



*Borghild Talgø og Hallvard Dalsbø på Todalsdagen 2007.*

## Husker du? - gode historier frå "sidelinja"

### Det er mange slags oppdrag ein kan få....

*Denne gongen har vi fått ei god historie frå Kåre Bruset:*

Eg har aldri vore deltakar på noko slags idrettstevling, men eg har fått vore tilstades på mange slike stemne likevel som tidtakar. Det har vore både vinter og sommar. Eg kan ikkje hugsa anna enn at eg gledde meg kvar gong eg fekk slike oppdrag. Det var så triveleg å få vera i lag med frisk og sprek ungdom, ja "ungdom i alle aldrar".

Noko av det største i så måte var vel Todalsløpet dei første åra. Eg hugsar godt starten ved Kokkhuset. Det var vel ca 150 deltakarar på det meste. I timen før start yra det av folk alle stader i småskogen der på sletta. Det var oppvarming, kvar på sitt vis. Det var og nokre år det kom kjente

skiløparar og var med, så vi fekk sjå dei og på nært hald. Det var eigen klasse for trimmarar. Dei starta først, og sprang løpet utan tidtaking. Men sanneleg om det var mindre alvor for det. Fem minutt før start eit år, kom det ein trimmar og pikka meg på skuldra og bad meg til sides. "Kunne eg ta vare på gebisset hans medan han sprang"? - Eg vart kanskje litt overraska med det same. Men jau, det var heilt greitt ja. Det ville ikkje by på noko problem. Til vanleg inneheld lommerusket mest spikar og skruar av ymse slag, så denne økta vart det supplert av ein tanngard. Eg kan ikkje hugsa eg fekk med meg inkomsten til mannen. Så om smilet var litt innskrenka på breidda ved målgangen på Bordholmen denne dagen, veit eg ikkje.



*Det er fin "snert" i historia vi har fått frå Kåre Bruset.*

*Har du liknande historier på lager, så tek vi mot dei med opne armar.*

**Dette er spalta med plass for ei god, lun og artig historie frå gamle dagar eller frå nyare tid.**

**Kom med fleire gode historier! Ta kontakt med redaksjonen dersom du har ei god historie på lur.**

## Har du vore på webben vår?

[www.todalenil.net](http://www.todalenil.net)

**Klikk deg inn og følg med på det som går føre seg i Todalen!**

## Jubileumsposten *Redaksjonen*

**Redaktør Jon Olav Ørsal** tlf 913 38 020

e-post: jon.olav.orsal@svorka.net

**Nettredaktør Guro Redalen** tlf 452 54 850

e-post: guro\_r@hotmail.com

### Adresse:

**Jubileumsposten, c/o Jon Olav Ørsal, 6645 Todalen**

**Ansvarleg utgjevar: Todalen Idrottslag**

### Skihytta og påskehelg

Det går mot påskehelg, og for mange i Todalen I.L. er tur til Skihytta i påskeferien en god tradisjon.

For omkring 30 år sia var det en gjeng som dro i gang en såkalt "frigjøringskveld" på Skihytta på påskeaften. Dette utvikla seg til å bli et arrangement med stil. Det ble satt svært høge krav til antrekk og servering. Påskebanketten med flambering og alt fint tilbehør var nok det mest eksklusive å oppdrive mellom Trondheim og Oslo.

Antrekket var minimum kvitskjorte m/slips eller propell og gjerne flosshatt (sjå bilde).

Det var også obligatorisk å synge "Kontorvisa" av Leif Halse ved festbordet. Ifølge en herværende handelsmann var forfall på "frigjøringskvelden" nesten utenkelig. Kun egen død og begravelse var gyldig grunn! Men som åra gikk ble det av forskjellige grunner flere og flere som meldte forfall.

Det vart slutt. Kanskje på tide med "jubileumsfrigjøringskveld" i påska 2008?

*Jon Bruset*

*Frå venstre Jon Olav Ørsal, Buster, Gunnar Nordvik, Jon Bruset, Ragnar Halle, Narve Talgø, Alf Ramsøy og Johan Ørsal.*

*Foto: Terje Nordvik*

### Er adressa feil? Gje oss i så fall beskjed!

Har vi sendt Jubileumsposten til feil adresse er det berre å ta kontakt med oss. Enten pr e-post eller du kan sende oss eit brev eller kort med din rette postadresse.

### *Jubileumsmedlem?*

Vi har fått mange henvendelser om å få bli støttemedlem i Todalen I.L. i jubileumsåret. Dette er vi sjølsagt glade for, men vi vil understreke at det er ingen betingelse å betale kontingent for å være "med på moroa".

Vi har imidlertid igjen noen jubileumskalendere som vi gir som hurtigsvarpremie, hvis du sender oss en hundrelapp.....og her gjelder "Førstemann til mølla".

Bruk i tilfelle vedlagte giroblankett, men husk navn og adresse.

*Helsing Jubileumskomiteen*

### *Hjelp oss!*

Skal vi få til ei god jubileumsavis så treng vi hjelp med gode historier og ikkje minst gode bilde. Vi er også glade om vi får tips om aktuelt stoff og ting vi burde ha med i ei slik avis.

Ta kontakt med oss, så tek vi på oss jobben med skanning til digitalt format i rett kvalitet.

Helsing Redaksjonen



## *Slektsstemnet går sin gang....*



*Eivind Grønmyr er ledar for det store "slektsstemnet" i sommar. Planane tek no til å ta form.*

### *Slektsstemne 1. - 3. august*

Eivind Grønmyr er mannen som skal halde i trådane for det stor slektsstemnet som skal arrangerast første helga på august i år.

Vi har teke ein prat for å høre kor langt komiteen har kome med planene.

Han fortel at det er omfattande planer som er på gang, og at dei har lagt opp til at det skal være stor variasjon i tilbuda.

Hovudarrangementet blir på Bordholmen der det skal settast opp telt og scene, og der skal alle felles program vere. Det vil seia at det blir arrangert felles

frukost der både laurdag og søndag, og der vil det bli dans laurdagskvelden.

I tillegg skal det vere treffpunkt rundt omkring i bygda. Det blir på skulen, i Ungdomshuset og på Todalen Brygge. I skulen vil det mellom anna bli ei utstilling med skulehistorie, der skulebarna deltek aktivt. Utstilling blir det også i Ungdomshuset. Her vil det bli utstilt bilete frå Todalen, samt at lokale kunstnarar vil vise litt av det dei held på med. På Todalen Brygge vil det bli satsa på pub og sosialt treffpunkt, der det også blir

ein matbit å få kjøpt. Talgø vil opne Gammefabrikken for å vise kva produkt dei lagar. I Svinviks arboret vil det bli open dag, og besøket der kan f.eks. kombinerast med ein fottur etter gammelvegen. Elles kan nemnast både Rossåa settefisk og open gard i Viastua.

Så her er det berre å setta av heile helga for den som vil vera med på denne moroa. Vi har iallfall begynt å gle oss, og sjølsagt reknar vi med at det blir ei travel finvêrshelg med mykje kjentfolk i Todalen. Vi kjem med meir info etter kvart! *Jon O.*